

Årsrapport Foreldreutvalet for barnehagar og Foreldreutvalet for grunnsopplæringa for 2019

Forord

Årsrapporten for 2019 for Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) og Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) følgjer føringane i tildelingsbrevet for 2019. Årsrapporten skal gi Kunnskapsdepartementet eit realistisk bilete av arbeidet til utvala og måloppnåinga i året som er gått.

I kapittel I gir kontorsjef Marianne Dahlseng overordna vurderingar av resultatane til begge utvala og utfordringane framover.

Kapittel II inneheld ei beskriving av verksemda og hovudtala.

Kapittel III er hovuddelen i årsrapporten og den mest omfattande delen. Her beskriv vi aktivitetane i år og resultatane for begge utvala og sekretariatet. Her ligg òg utgreiinga for ressursbruken til FUB og FUG i 2019.

Kapittel IV beskriv styring og kontroll av verksemda.

Kapittel V skisserer framtidsutsiktene.

Kapittel VI presenterer årsrekneskapen.

Innhald

Forord	2
Innhald	3
Kapittel I Melding frå leiaren	3
Kapittel II Introduksjon til verksemda og hovudtal	6
Verksemda i FUB.....	6
Verksemda i FUG	6
Sekretariatet, tilsette, årsverk og lokalisering	7
Kapittel III Aktivitetar og resultat i år	8
Del 1 Årsrapport for FUB	8
Del 2 Årsrapport for FUG.....	14
Del 3 Verksemda til sekretariatet i 2019	20
Utgreiing av ressursbruken av tildelte midlar på kapittel 221 post 21 og kapittel 226 post 21 i 2019	20
Kapittel IV Styring og kontroll i verksemda	24
Verksemda si overordna vurdering av styring og kontroll	24
Vesentlege forhold ved styring og kontroll.....	24
Fellesføringar	24
Andre krav til årsrapporten	25
Kapittel V Vurdering av framtidsutsikter	26
Kapittel VI Årsrekneskap	26
Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen 2019	27
Prinsippnote årsrekneskapen	29
Oppstilling av løyvingsrapporteringa	29
Oppstilling av artskontorrapporteringa.....	29
Vedlegg: Årsrekneskap 2019 med notar.....	31

Kapittel I Melding frå leiaren

FUB og FUG løyste samfunnsoppdraget sitt på ein god måte i 2019. Innsatsen vår bidrog til godt samarbeid mellom heim og barnehage/skule. Gode barnehagar og skular er avgjerande for at barn og unge skal oppleve ein god oppvekst og bli rusta til å ta på seg oppgåver i yrkesliv og fritid. Gode barnehagar og skular er òg avgjerande for livssituasjonen til familiare mens barna veks opp.

Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) og Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) skal arbeide for godt samarbeid mellom foreldra, barnehagen og skulen. Vi legg derfor vekt på samarbeid i arbeidet vårt, både når det er snakk om rådgiving, foredrag eller høyringsarbeid, og når vi samarbeider med andre. Samarbeid skal vere til det beste for kvart enkelt barn, slik at alle barn skal få oppleve meistring ut frå sitt nivå i eit trygt miljø der dei trivst og kan lære og utvikle seg.

Utvala skal bidra til å styrkje kvaliteten i norsk utdanningssektor gjennom å fremje ein open og trygg dialog mellom barnehagen/skulen og heimen. Dei skal i kraft av mandatet sitt målbera foreldrestemma. Samfunnsoppdraget fordrar samarbeid med andre aktørar i utdanningssektoren for å gjere foreldreperspektivet kjent og få foreldresamarbeid med som eit tema i sentrale saker.

Systematisk arbeid er avgjerande for at vi skal nå måla våre. Vi må heile tida evaluere oss sjølve og stille spørsmål ved om tiltaka er rette. Samtidig vil vi på dei fleste område ikkje sjå resultat før etter lengre tids arbeid. Det er derfor viktig å sjå arbeidet som er gjort i 2019, i eit lengre perspektiv.

FUB-leiaren og FUG-leiaren har teke leiaransvar for utvala og har representert FUB og FUG på ein god måte i det siste året i utvalsperioden. Utvala har vist stort engasjement for dei prioriterte sakene og har sett dei på dagsordenen.

Ei stor oppgåve som ligg framfor begge utvala, er arbeidet med stortingsmeldinga om tidleg innsats. Her er nokre andre saker som vi må jobbe med i fellesskap framover:

- Direkte kontakt mellom FUB/FUG og FAU/SU – FUG banar veg i dette arbeidet
- Samarbeid med utdanningsinstitusjonane om foreldresamarbeid som tema i barnehagelærer-, lærar-, styrar- og skuleleiarutdanningane
- Forsking på godt samarbeid mellom heimen og barnehagen/skulen

Etableringa av sekretariatet i Bø i Telemark har kravd mykje av dei tilsette i 2019. Det tek tid å etablere seg og jobbe seg saman. Oppdraget vårt krev mykje av oss i kvardagen, og samtidig skal vi leggje kraft i å utvikle organisasjonen og arbeidsmetodane vidare. Vi har teke i bruk ny teknologi for å kunne arbeide meir effektivt. Samtidig er det viktig å delta på arenaer der vedtak blir gjorde, og der samarbeidspartnarane våre er til stades. Dette vil bli krevjande i tida framover òg, og vi vil kunne oppleve kapasitetsutfordringar.

Eg vil takke utvala og medarbeidarane for innsatsen i 2019. Dei gjer ein veldig god jobb. Den gode statusen på områda våre stadfestar dette. Det inspirerer til vidare innsats for å løyse oppdraget vårt: å skape godt samarbeid mellom heimen og barnehagen/skulen til det beste for kvart enkelt barn!

Marianne Dahlseng
kontorsjef

Kapittel II Introduksjon til verksemda og hovudtal

FUB og FUG skal verne om foreldra sine interesser i barnehage og skule og arbeide for eit godt samarbeid til beste for alle barn og unge. Foreldreutvala er underlagde Kunnskapsdepartementet. FUB blei oppretta i 2010 og blir oppnemnt av Kunnskapsdepartementet. FUG blei oppretta i 1976 og er forankra i opplæringslova § 11-9 Foreldreutvalet for grunnopplæringa og i forskrift til opplæringslova § 20-2, og er oppnemnt av Kongen i statsråd. Verkeområdet til FUG er grunnskulen og det første året i vidaregåande opplæring.

Utvala skal gi råd til Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet.
Utvala skal gi råd og rettleiing til foreldre og tilsette i barnehagar og skular.
Utvala skal samarbeide med aktuelle aktørar på barnehage- og skulefeltet.
Utvala skal driftast godt og effektivt.

Målet for utvala er at dei skal vere kjende og omtykte aktørar i sektoren.

Nokre viktige samanhengar i resultatkjeda til utvala:



10,8 årsverk i sekretariatet 15 663 000 kroner i samla tildeling	Halde ved like og utvikle kunnskap om samarbeidet mellom heimen og skulen/barnehagen Gjere kunnskapen tilgjengeleg Drifte utvala	Høyringsfråsegner Foredrag Rådgiving Kurs og konferansar Heimesider Media / sosiale medium Publikasjonar Tydelege og sterke utval	KD og Udir har kunnskap om synspunkta til foreldra. Foreldra og dei tilsette i barnehage/skule har kunnskap om samarbeid og kor viktig det er med samarbeid. Sentrale aktørar har kunnskap om kor viktig det er å samarbeide med foreldra. Velfungerande utval	Bidra til betre samarbeid mellom foreldra og barnehagen/skulen Bidra til betre barnehagar og skular Bidra til betre helse, trivsel og læring hos barn og unge Bidra til å hindre fråfall Bidra til å jamne ut sosiale forskjellar Bidra til kunnskap om samarbeidet mellom heimen og barnehagen/skulen
---------------------------------------------------------------------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Verksemda i FUB

Medlemmer i Foreldreutvalet for barnehagar i perioden 2015–2019

Marie Skinstad-Jansen, leiar
Espen Agøy Hegge, nestleiar
Honoratte Muhanzi, medlem
Yngvar Natland, medlem
Miriam Paulsen, medlem
Hege Tegler, medlem
Audun Fiskum, varamedlem

I 2019 har det vore fem utvalsmøte. Det har òg vore eit nordisk møte med representantar frå dei svenske, finske og danske søsterorganisasjonane. Utvalet gjennomførte ein studietur til Helsingfors i samband med møtet med det nordiske nettverket.

Verksemda i FUG

Medlemmer i Foreldreutvalet for grunnopplæringa i perioden 2016–2019

Gunn Iren Müller, leiar

Ole Petter Østerbø, nestleiar

Ubah Aden, medlem

Rune Benonisen, medlem

Henrik Gaup, medlem

Lise Lundh, medlem

Elin Refsland, medlem

Benedicte Mælan, varamedlem. Varamedlem Benedicte Mælan døydde 27.12.17.

Jan-Erik Wikdahl, varamedlem

I 2019 har det vore seks utvalsmøte. Utvalet kombinerte det første utvalsmøtet med ein studietur til Dublin og den irske foreldreforeininga National Parents Council Primary (NPC) og lærte om prosjekt på lærarutdanninga, foreldre database og partnership schools. Det har vore møte i både det europeiske og det nordiske samarbeidet.

Sekretariatet, tilsette, årsverk og lokalisering

Elleve personar er fast tilsette i sekretariatet. Éin av dei tilsette er utleigd til Kunnskapsdepartementet. Tre nye personar blei tilsette i 2018 og tok til i stillinga i byrjinga av 2019. Hausten 2019 blei éin person tilsett i eit vikariat i samband med sjukefråvær. Det har derfor vore tolv tilsette i sekretariatet i 2019, mens det tidlegare var ti tilsette. Sekretariatet ligg i Bø i Telemark.

Tilsette i sekretariatet:

Torill Braaten, seniorrådgivar

Gro Hexeberg Dahl, tidlegare kontorsjef. Utleigd til Kunnskapsdepartementet og slutta 31.12.19.

Marianne Dahlseng, kontorsjef

Kjersti Falck, førstekonsulent (60 prosent)

Marianne Fehn, rådgivar. Tok til i stillinga 15.1.19.

Gøril B. Lyngstad, seniorrådgivar

Anette Nagelhus, rådgivar. Vikar frå 21.10.19.

Anne D. Nilsen, seniorrådgivar

Lou Cathrin Norreen, seniorrådgivar

Turid Reiche, seniorkonsulent. Permisjon frå 3.12.19.

Asbjørn Tolo, rådgivar. Tok til i stillinga 1.2.19.

Jørn Aabø, seniorkonsulent. Tok til i stillinga 1.1.19.

Nøkkeltal frå rekneskapen

Årsverk	10,8
Samla tildeling	16 524 000 kroner
Utnyttingsgrad	96 %
Driftsutgifter	15 849 600 kroner
Lønnsdel av driftsutgifter ¹	59 %

¹ Lønnsdel av driftsutgifter kjem fram ved utbetalingar til lønn delt på driftsutgifter. Jf. Veiledningsnotat – Årsrapport for statlige virksomheter.

Kapittel III Aktivitetar og resultat i år

Kapittel III beskriv kjernen i den faglege rapporteringa til foreldreutvala. Her gjer vi greie for korleis føringane i Prop.1 S (2015–2016) og tildelingsbrevet er følgde opp.

Mål

Foreldreutvala skal arbeide for godt samarbeid mellom heimen og barnehagen/skulen og skal vareta interessene til foreldra i barnehage- og skulesamanheng.

Del 1 Årsrapport for FUB

Innleiing

Utvalsår: 5

Aktivitetsnivå:

Utvalet heldt eit høgt aktivitetsnivå i 2019. Frå medio februar var sekretariatet til FUB fulltalig og har følgd utvalet tett opp gjennom året.

Kjernesaker:

- mobbing i barnehagen
- kvalitet i barnehagen
- overgangar

Kort statusbeskriving:

Utvalet fekk utvida utvalsperioden sin med eit femte år og held derfor fram ut 2019. FUB arbeidde målretta med hovudsakene sine og har i perioden sin vore ein sentral aktør i arbeidet med

- mobbing i barnehagen – FUB var først ute med å bruke omgrepet *mobbing* i barnehagen
- lovfesting av bemanningsnorma for å sikre jamnare kvalitet i alle barnehagar
- forslag til endringar i barnehagelova – reglar om barnehagemiljø

Utvalet meiner sjølv at dei har gjort gode prioriteringar i perioden, og at dei har halde fast på hjartesakene sine.

FUB har laga eit hefte med oversikt over kva vi har fått til i utvalsperioden:

[C:\Users\LouNorreen\AppData\Local\Packages\Microsoft.MicrosoftEdge_8wekyb3d8bbwe\TempState\Downloads\FuB_avslutningsdokument+2016-2020 \(1\).pdf](C:\Users\LouNorreen\AppData\Local\Packages\Microsoft.MicrosoftEdge_8wekyb3d8bbwe\TempState\Downloads\FuB_avslutningsdokument+2016-2020 (1).pdf)

Utvalet og sekretariatet har jamleg kontakt, ein god dialog og eit innbyrdes godt samarbeid. I evalueringa av utvalsperioden gir FUB høg skår på arbeidet og samarbeidet.

Sekretariatsarbeidet skårar særleg høgt, både når det gjeld saksførebuing til møta, og med omsyn til god fagleg og administrativ oppfølging. Det blir rekna som særst viktig å avklare prinsipielle spørsmål med tanke på at sekretariatet iblant, ofte på kort varsel, stiller opp for utvalsmedlemmene. Også i høyringsarbeid og medieutspel arbeider ein ut frå standpunkta og innspela til utvalet, slik at stemma til utvalet er forankra i dokumenta som blir utarbeidde, sjølv om det er sekretariatet som fører dei i pennen. Hjartesakene til utvalet er styrande for verksemda, og det er viktig å gjere dei kjende ute i sektoren, mellom anna gjennom foredrag. Sidan utvalsarbeidet kjem i tillegg til det ordinære arbeidet, er det som oftast sekretariatet som held foredraga. I mange saker som ikkje er direkte lovregulerte, blir det utarbeidd prinsippnotat. Det er sekretariatet, på oppdrag frå utvalet, som fører desse i pennen, og dei blir ofte gjennomgått og vedtekne i utvalsmøte.

Etter meir enn åtte års verksemd er FUB godt kjent blant aktørar, aktuelle samarbeidspartnarar

og media. FUB markerer seg med synspunkt i media / sosiale medium og ved å delta i debattar. FUB blir stadig invitert til å delta i nye arbeids- og referansegrupper og anna samarbeid av aktuelle aktørar og prioriterer slik deltaking opp mot mandatet sitt.

FUB har hatt ein del reiseverksemd i 2019 òg, med besøk og foredrag i barnehagar og kommunar, men òg besøk til ei fylkesmannssamling med barnehageadministrasjonar. FUB held foredrag om følgjande tema:

- det viktige samarbeidet mellom heimen og barnehagen
- lokale FUB
- mobbing i barnehagen
- barn og vennskap

Temaet som er mest etterspurt, er mobbing, og det har òg vore ei hjertesak for utvalet sidan 2012. FUB har inntrykk av at både foreldre og barnehageansatte har behov for meir kunnskap og kompetanse på dette området.

Arbeidet med å få omsett FUBs materiell har halde fram i 2019, og varslingsplakaten er omsett til nynorsk, samisk og dei fem mest brukte framandspråka i Noreg: arabisk, engelsk, polsk, somali og urdu. Omsetjingsarbeidet held fram parallelt med at nytt materiell blir utarbeidd, og/eller at eksisterande materiell blir revidert. Mobbebrosjyren er blitt revidert i 2019.

Resultatmål for 2019

Verksemdsmål 1: Foreldreutvala gir råd og innspel til departementet og Utdanningsdirektoratet i saker som gjeld samarbeid mellom barnehagen og heimen.

Styringsparameter 1.1 Høyringsfråsegner og råd som varetek interessene til foreldra i samarbeidet mellom skulen og heimen

Tiltaket inneber at FUB har valt å gi til saman 14 høyringssvar som er viktige for heim- barnehage-samarbeidet:

- Statsbudsjettet for 2020
- Høyring – NOU 2019:5 Ny forvaltningslov
- Rapportering av barn i private barnehagar – forslag til endring i forskrift om tilskot til private barnehagar § 12
- Høyring av forslag til endringar i barnehagelova med forskrifter (innføring av lovreglar om psykososialt barnehagemiljø, internkontroll o.a.)
- Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*
- Høyring: Politiattest for personar som er i kontakt med mindreårige
- Forslag til endringar i forskrift om foreldrebetaling
- Høyring: Endring i forskrift om rammeplan for samisk barnehagelæraryttdanning
- NOU 2019:10 Åpenhet i grenseland — Bilder, film og lydopptak i helse- og omsorgstjenesten, barnevernet, skolen og barnehagen.
- Endringar i barnehagelova – ny regulering av private barnehagar
- Høyringssvar på bruk av tolketenester
- Høyring: NOU 2019:3: Nye sjanser – bedre læring. Kjønnsforskjeller i skoleprestasjonar og utdanningsløp
- Høyring om regulering av miljø og helse i barnehagar og skule

Vedtaket og høyringssvaret til FUB blir publisert på heimesida vår og i sosiale medium.

Styringsparameter 1.2 Synleggjering av dei prioriterte sakene til utvala

Tiltaket inneber at FUB har prioritert

- å ha faste dialogmøte om aktuelle saker med den politiske leiinga i Kunnskapsdepartementet
- å ha møte med departementet om enkeltsaker, til dømes om retten til eit godt fysisk og psykososialt miljø i barnehagen
- å ha møte med Utdanningsdirektoratet
- å løfte behov for kompetanse i sektoren til Udir, til dømes behov for støttemateriell til rammeplanen om foreldresamarbeid
- å ha regelmessige møte med embetsverket i Kunnskapsdepartementet
- å skrive til Kunnskapsdepartementet om saker som utvalet er blitt kontakta om og har vore oppteke av, til dømes politiattest i barnehagen
- å delta i referansegrupper i regi av Kunnskapsdepartementet og Udir, til dømes referansegruppe for evaluering av implementering av rammeplanen for barnehagen
- å jobbe med utfordringar i heim–barnehage-samarbeidet som kom fram i foreldreundersøkinga FUB gjennomførte hausten 2019

Evaluering av det oppnådde resultatet og det vidare arbeidet

- FUB vurderer at tiltaka for 2019 er oppnådde og av god kvalitet. Utvalet og sekretariatet har drøfta sakene for å få ei rett framstilling av vurderingane og standpunktet til utvalet.

FUB svarer på alle høyringsinnspel frå Kunnskapsdepartementet og Udir som er relevante for utvalet, og får på den måten formidla synspunkta og meiningane til foreldra på nasjonalt nivå. Det er viktig at synspunkta og meiningane til foreldra blir høyrde dei kommande åra òg.

FUB tek dessutan initiativ til møte med offentleg sektor og tek òg skriftleg kontakt for å diskutere saker som vi i FUB er oppteke av. FUB nyttar seg av media og andre offentlege kanalar for å gjere meininga si kjend. Dette må prioriterast i det vidare arbeidet òg.

FUB kan jobbe endå meir med å spisse og tydeleggjere budskapet sin og i endå større grad leggje vekt på handlingskompetanse.

Verksemdsmål 2: Foreldreutvala gir informasjon og rettleiing om samarbeid mellom barnehagen og heimen.

Styringsparameter 2.1 Spreie gode praksisar for samarbeid mellom skulen og heimen
Tiltaket inneber at FUB-rådgivarane har prioritert 221 meldingar: 80 på telefon og 139 på e-post. Temaa som flest tek opp, er

1. samarbeid
2. rådsorgan (foreldreråd, FAU, SU og lokale FUB)
3. bemanning
4. kost (inkl. foreldrebetaling)
5. mistrivsel, mobbing og dårleg barnehagemiljø
6. tryggleik og ulykker

Nytt i år er at det har vore fleire spørsmål om barnehagenedlegging utan at foreldra har fått høve til å medverke i prosessen. Dette vil FUB følgje med på i det vidare arbeidet.

FUB har

- hatt 33 foredrag på ulike arenaer i 2019, for det meste i kommunar og barnehagar, på høgskular og hos fylkesmenn
- hatt foreldrekonferanse for 100 deltakarar på Gardermoen med temaet «Bemanning i barnehagen»

- hatt foreldreundersøking om medverknad i barnehagen
- sendt ut materiell til alle barnehagar i landet, m.a. overgangsbrosjyren «Har du barn som skal begynne på skulen?»
- sett barnehagepolitikk på dagsordenen og skapt merksemd rundt barnehagepolitikk i samband med kommunevalet
- starta arbeidet med å revidere ressursheftet om heim–barnehage-samarbeid, revidert brosjyren om mobbing i barnehagen og i samarbeid med FUG utarbeidd brosjyren om overgangen frå barnehage til skule

Styringsparameter 2.2 Auka bruk av digitale ressursar for å gi informasjon og rettleiing
Tiltaket inneber at FUB har prioritert følgjande:

Heimesida:

- Når det gjeld heimesida, auka nettrafikken i ti av tolv månader i 2019, og besøkstalet var i gjennomsnitt 7050 per måned, altså 2000 fleire enn året før. Trafikken var særleg stor i februar og oktober.
- Auka bruk av spona innlegg på Facebook og påmelding til foreldrekonferansen om hausten har drive inn ein del trafikk.
- FUB har sendt ut fire nyheitsbrev i 2019.
- Ein ny plakat om varsling og ein brosjyre om overgangen frå barnehage til skule, felles med FUG, er lagde ut på nettsida, både i nedlastbar form og i menystrukturen.
- Det er blitt gjort ein del oppdateringar av innhaldet på heimesida, det er lagt ut nye postar under Ofte stilte spørsmål, og det er oppretta ei ny fane der ein kan dele gode døme på foreldresamarbeid.

Sosiale medium:

- FUB etablerte seg på Instagram i mai 2019, og dette er blitt ein viktig kanal for å spreie aktuelle saker. Følgjarskaren byggjer seg gradvis opp. Vi har i 2019 auka bruken av spona innlegg på Facebook, noko som gir innlegga våre større rekkjevidd.

Media:

- FUB har handtert 35 mediesaker. Ti av desse var proaktive saker. Størst merksemd fekk saker om kosthald og ernæring, saker om nytt lovforslag om å sikre eit godt psykososialt miljø i barnehagen og saker om sikkerheit.
- FUB-leiaren er blitt intervjuva to gonger, i P4 og Aftenposten, om kosthald, og i Dagbladet om sikkerheit. Ein FUB-rådgivar var gjest i TV 2s God Morgen Norge om sikkerheit etter den tragiske ulykka i Bergen med fall frå vogn. Barnehage.no og Utdanningsnytt har hatt ei rekkje saker med FUB-leiaren, og FUB har ei fast spalte i Barnehagenytt (Pedlex).
- FUB har hatt tre lesarinnlegg i samband med kommunevalet og ein kronikk om mobbing til Foreldre og barn.
- Det er sendt ut fire pressemeldingar, den eine med resultat frå FUB-undersøkinga (Ipsos) om kva ønske foreldre har for medverknad.
- Utvalsleiaren har delteke i arbeidet med og skrive eit kapittel i ei bok om foreldresamarbeid.

Styringsparameter 2.3 Vise enkeltsaker vidare til rett formell instans

Tiltaket inneber at FUB har prioritert

- å vise enkeltsaker til den rette formelle instansen der det er naturleg, til dømes å vise til mobbeomboda
- å gi råd og rettleiing til foreldre som har behov for hjelp, sjå styringsparameter 2.1

Evaluering av det oppnådde resultatet og det vidare arbeidet

- FUB vurderer at målet langt på veg er nådd ut frå rammene i 2019, men vi må ta inn over oss at det er for få foreldre med barn i barnehagen som kjenner til oss, og vi må derfor vurdere nye måtar å nå ut til fleire foreldre på.

Færre tok kontakt med FUB i 2019. Det kan vere eit resultat av den reduserte aktiviteten og at FUB ikkje var like tilgjengeleg som i 2018. FUB opplever å vere tilgjengeleg for alle foreldre og tilsette som tek kontakt både på telefon og e-post, men òg i direkte møte når FUB held presentasjonar og foredrag i barnehagar og kommunar. Det er eit viktig bidrag til arbeidet til FUB, og vi opplever at foreldrekonferansen i oktober òg var ein slik arena. Utvalet er bekymra og stiller spørsmål ved etterlevinga av regelverket sidan det framleis er mangelfullt og dårleg samarbeid med barnehagen som er hovudgrunnen til at foreldre kontaktar oss. FUB har utarbeidd ein varslingsplakat som vi har fått positive tilbakemeldingar på frå brukarane. FUB legg vekt på samarbeid og meiner at barnehagen, som den profesjonelle parten, skal sørge for å leggje til rette for dialog og medverknad med foreldra.

FUB er og har vore opptekne av å gjere seg kjende, både via media og sosiale medium, og ved å sende ut eigenprodusert materiell til barnehagar og foreldre i ei storutsending annakvart år. FUB har hatt fleire oppslag og lesarinnlegg i aviser, radio og TV. Designet på nettsida til FUB er blitt teke godt imot både internt og eksternt. Vi vil framleis arbeide med å sponse innlegg på Facebook, i kombinasjon med å annonsere for sjølve nettsida gjennom sosiale kanalar. Arbeidet med å oppdatere fubhg.no med relevante nyheiter, informasjon og gode døme og spreie informasjon om sida til flest mogleg held fram i 2020.

FUB opplever at det å samarbeide med andre aktørar i sektoren er viktig også innanfor verksemdsområde 2. Samarbeidet er gjensidig. Saker som er viktige for FUB, blir løfta opp av samarbeidspartnarar, til dømes mobbeomboda, og vice versa.




Fig.: 3 prosent av foreldra i undersøkinga hausten 2019 seier at dei har brukt tenestene til FUB.

Sidan FUB framleis er eit forholdsvis nytt utval og tida som barnehageforeldre er kort, vil vi framleis arbeide målretta med å gjere FUB kjent. Vi ser at tiltaka vi har brukt, er gode for dei som får informasjon via foreldrekonferansen og storutsendinga. Men vi ser òg at tiltaka ikkje når godt nok ut, og at foreldre generelt ikkje kjenner til og dermed kan dra nytte av FUB. Foreldreundersøkinga med 501 respondentar viser at berre 3 prosent har nytta seg av tenestene til FUB, sjå figurane ovanfor. Det er urovekkjande! Dette området må vi jobbe meir med i tida framover. Brukarundersøkinga til FUB viser òg at vi må jobbe meir med medverknad i barnehagen. Berre halvparten av foreldra veit kva FAU og SU jobbar med.

Verksemdsmål 3: Foreldreutvala samarbeider med relevante aktørar i saker som gjeld samarbeid mellom barnehagen og heimen.

Styringsparameter 3.1 Samarbeidet gir meirverdi for heim–barnehage-samarbeidet

Tiltaket inneber at FUB har prioritert

- å vidareutvikle og utvide samarbeidet med relevante aktørar. FUB har faste møte med Utdanningsforbundet, Fagforbundet, Redd Barna og Barneombodet. I tillegg har utvalet regelmessig kontakt med Bufdir, PBL, KS, Voksne for barn, Unicef og Trygg Trafikk.
- å delta i aktuelle referansegrupper både i regi av Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet
- å ha møte med kommunar og fylkesmenn
- å delta på Arendalsuka i samarbeid med Partnerskap mot mobbing
- å ta proaktiv kontakt med Universitetet i Sørøst-Noreg for å få meir kompetanse på heim–barnehage-samarbeid inn i barnehagelærer- og styrarutdanninga.
- å samarbeide med aktuelle aktørar i Norden

Styringsparameter 3.2 Deltaking i relevante arbeids- og referansegrupper

Tiltaket inneber at FUB har prioritert å delta i desse arbeids- og referansegruppene:

- Partnerskap mot mobbing
- AG Arendalsuka PMM
- AG Samarbeid PMM
- AG Kompetanse PMM
- AG barnehage PMM
- Referansegruppe for KD – stortingsmeldinga *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*
- Referansegruppe Udir – evaluering av implementering av rammeplanen og kompetansestrategien
- Bufdirs råd for førebygging og foreldrestøtte
- Nasjonal rådgivingsteneste for barnehage- og skuleanlegg
- Nettverk for medbestemmelse i oppveksten: NEMIO
- Arbeidsgruppe for den nasjonale barnehagedagen
- Arbeidsgruppe for Trygg Trafikk – «Barnehagen på tur»
- Arbeidsgruppe for Redd Barna – «Rollemodellar mot mobbing»
- Arbeidsgruppe for Redd Barna – «Kroppen min eig eg»
- Arbeidsgruppa Barnehagedagen 2019
- Referansegruppe – Inter Act ved Oslo Met
- World Anti Bullying Forum

Evaluering av det oppnådde resultatet og det vidare arbeidet

- Utvalsmedlemmene har vore aktive, og FUB har markert seg godt med arbeidet sitt. FUB meiner at målet er nådd, og at vi har utnytta dei tilgjengelege ressursane på ein god og effektiv måte. Ei variert og fleksibel arbeidsform gjer at utvalet kan nå flest mogleg i målgruppa.

FUB har opparbeidd seg eit breitt kontaktnett på overordna nivå og på landsbasis med aktuelle og relevante aktørar. Fleire av aktørane har FUB inngått konkrete samarbeidsprosjekt med både på kortvarig og langvarig basis. FUB har tru på faste årlege hendingar som legg vekt på barnehagens verdi og innhald og heim–barnehage-samarbeidet, til dømes barnehagedagen. FUB er ein av arrangørane av barnehagedagen og er ein pådrivar for å prøve ut ulike tiltak. I 2019 var temaet for barnehagedagen «Eg lurar på», og FUB medverka i ein podkast. Det var 7800 nedlastingar av plakaten som viser temaet for barnehagedagen, og 400 medieoppslag om barnehagedagen. Det å vere med og arrangere barnehagedagen har ein meirverdi og er eit arbeid vi framleis ønskjer å prioritere. Samtidig er det viktig å ha eit kritisk blick på kva vi deltek på, for det skal gi ein meirverdi for FUB.

Del 2 Årsrapport FUG

Innleiing

Utvalsår: 4

Aktivitetsnivå:

Det har vore eit høgt aktivitetsnivå. Frå februar var sekretariatet fullt bemanna.

Kjernesaker:

- tilpassa opplæring
- spesialundervisning
- fysisk og psykisk læringsmiljø
- kunnskap om heim–skule-samarbeid
- lærar- og skuleleiarutdanning

Kort statusbeskriving:

Utvalet opplever at vi i perioden har nådd måla mellom anna i desse prioriterte sakene:

- halde ved lag retten til spesialundervisning
- evaluere SFO
- få fram kor viktig det er at elevar med eit ekstraordinært læringspotensial får tilrettelagd undervisning og rett til spesialundervisning
- evaluere § 9a i opplæringslova
- fastsetje lærarnorma

Utvalet trer av 31.12.2019 og tilrår neste utval å prioritere følgjande i 2020:

- Sikre grasrotkontakt gjennom
 - å sørge for direkte kopling mellom FUG og FAU
 - å opprette eit nettverk av lokale ambassadørar som kan arbeide saman med FUG for å spreie kompetanse på heim–skule-samarbeid
- Ha prosjekt med lærarutdanningane om meir kompetanse på heim–skule- samarbeid i utdanningane
- Forske på kva som verkar i samarbeidet mellom heim og skule

Utvalet har sett resultat av det målretta arbeidet. Det planlagde arbeidet er blitt gjennomført, men utvalet måtte prioritere ned arbeidet med fagfornyinga i 2018. Utvalet har heller ikkje gått inn i dette arbeidet i 2019, men for å kunne følgje med og komme med innspel har sekretariatet i samarbeid med utvalet

- halde seg løpande orientert om det igangverande arbeidet
- stilt seg bak saker som samarbeidspartnarar har late seg høyre på

Viktige oppgåver:

- Utvalet blir kontakta av ulike medium, og synspunkta til foreldra er etterspurde. Utvalet blir òg bedt om å delta i debattar, på konferansar og i ulike referanse- og arbeidsgrupper. Det gjer at vi kan markere at foreldra er ein viktig aktør i utdanningssektoren.
- Både skular og foreldre kontaktar oss og ber oss om å halde foredrag. Det mest etterspurde temaet er heim–skule-samarbeid. Dette er oppgåver som utvalet set stor pris på. Dei fører til at FUG blir meir kjent, og dei bidreg til betre samarbeid. FUG har dei siste åra besøkt alle fylka i landet.

- Det å gi råd til foreldre som kontaktar oss på telefon og e-post, er òg ei viktig oppgåve. FUG får innsyn i korleis samarbeidet fungerer ute i sektoren, og den enkelte familien får råd om korleis dei kan komme vidare i fastlåste og vanskelege situasjonar. Dette gir utvalet signal om kva for område som har behov for merksemd.
- Vi i FUG er opptekne av at dei tilsette i skulen skal ha god kompetanse på foreldresamarbeid. Derfor er lærar- og rektorutdanningane eit prioritert område.
- Læringsmiljø og arbeidet mot mobbing er viktige saker for utvalet. Vi er aktive deltakarar i Partnerskap mot mobbing.
- Tilpassa opplæring for alle elevar opptek utvalet i stor grad. FUG legg vekt på kor viktig det er at skulen ser og verdset alle elevar. Alle elevar skal få anerkjenning for evnene, talenta og vanskane sine. Alle elevar skal få opplæring som gir meistring og læringsutbyte. Derfor har arbeidet med meldinga om tidleg innsats vore viktig for utvalet.
- FUG deltek i eit nordisk samarbeid med fire andre foreldreorganisasjonar.

Resultatmål for 2019

Verksemdsmål 1: Foreldreutvala gir råd og innspel til departementet og Utdanningsdirektoratet i saker som gjeld samarbeid mellom skulen og heimen.

Styringsparameter 1.1 Høyringsfråsegner og råd som varetek interessene til foreldra i samarbeidet mellom skulen og heimen

Tiltaket inneber at FUG har valt å gi til saman 15 høyringssvar som er viktige med tanke på heim–skule-samarbeidet:

- Stortinget: 2
- Kunnskapsdepartementet og Udir: 8
- Helse- og omsorgsdepartementet: 2
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet: 1
- Barne- og familiedepartementet: 1
- Justis- og beredskapsdepartementet: 1

Vedtaka og høyringssvara til FUG blir òg publiserte i sosiale medium og på nettsida

Styringsparameter 1.2 Synleggjering av dei prioriterte sakene til utvalet

Tiltaket inneber at FUG har synleggjort dei prioriterte sakene til utvalet gjennom

- brev og i møte med Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet, til dømes brev til Kunnskapsdepartementet om behovet for meir forskning på heim–skule-samarbeid, meir direkte kontakt med FAU og meir kompetanse på heim–skule-samarbeid i lærarutdanningane
- stortingshøyringar
- møte med partigrupper på Stortinget
- paneldebattar
- deltaking i referansegrupper (opplæringslovutvalet og gruppa som jobbar med tidleg innsats og inkluderande fellesskap)
- media
- sosiale medium
- heimesida vår

Evaluering av det oppnådde resultatet og arbeidet vidare

- Utvalet og sekretariatet har drøfta sakene for å få ei rett framstilling av vurderingane og standpunktet til utvalet og vurderer at verksemdsmålet langt på veg er nådd. Utvalet meiner at samarbeidet fungerer godt, og at det blir gitt gode høyringsfråsegner.

Høyringsfråsegner og råd som varetøk interessene til foreldra i samarbeidet mellom heimen og skulen, blir vurdert som godt varetøkne av både utvalet og sekretariatet. Tiltaka som er valde, gjer at foreldrestemma blir høyrd i det offentlege rom, og interessene til foreldra blir sette på dagsordenen i viktige høyringar, møte og prioriterte saker. Høyrings svar blir diskuterte med samarbeidspartnarar for å få innspel, varetta ulike perspektiv i høyringsarbeidet og formidle erfaringane til FUG til sentrale samarbeidspartnarar. Å halde ved lag retten til spesialundervisning er ei av sakene FUG har fått gjennomslag for. Ei anna viktig sak er tidsfristen på fem dagar for den første tilbakemeldinga til elevar og foreldre i saker som er melde til fylkesmannen. For elevar og foreldre som har stått i krevjande mobbesaker, har dette vore ein viktig siger.

Utvalet og sekretariatet vurderer at arbeidet med å synleggjere dei prioriterte sakene overfor departementet og direktoratet har vore godt. Erfaringane og kunnskapen til utvalsmedlemmene blir brukt aktivt for å gi innspel. FUG må jobbe vidare med behovet for meir forskning på heim–skule-samarbeid. Eit arbeid med ei kunnskapsoppsummering i regi av Kunnskaps senter for utdanning ved Universitetet i Stavanger er no på trappene. Direkte kontakt med FAU og behov for meir kompetanse innanfor heim–skule-samarbeid på lærarutdanningane har vore synleggjort og må arbeidast vidare med. Vi i FUG opplever at både Kunnskapsdepartementet og Udir støttar oss i dette.

Det er viktig for FUG å få høve til å komme tidleg på banen i saker som departementet og Udir set på dagsordenen. FUG er nøgd med å bli invitert inn i relevante referansegrupper og ser kor viktig det er å ha eit tett samarbeid med KD dersom ein skal komme tidleg inn i saker.

Verksemdsmål 2: Foreldreutvala gir informasjon og rettleiing om samarbeid mellom skulen og heimen.

Styringsparameter 2.1 Spreie gode praksisar for samarbeid mellom skulen og heimen
Tiltaket inneber at FUG har prioritert

- 584 rådgivingar og spørsmål på e-post og telefon. Foreldre har først og fremst teke kontakt om vanskeleg kommunikasjon med rektor/skulen.
- 46 foredrag på skular, i kommunar, for fylkesmenn, samarbeidspartnarar og lærarutdanninga. Målgruppa er foreldre, lærarar, skuleleiarar, skuleeigarar/politikarar og samarbeidspartnarar, og tanken er å setje søkjelyset på heim–skule-samarbeidet.
- foredrag i samarbeid med FUB om foreldresamarbeid i heile opplæringsløpet
- paneldebattar
- podkast
- skulestartsending til alle skular

Styringsparameter 2.2 Auka bruk av digitale ressursar for å gi informasjon og rettleiing.
Tiltaket inneber at FUG-rådgivarane har prioritert følgjande:

Heimesida:

- Nettrafikken til fug.no har dobla seg samanlikna med året før og har spesielt teke seg opp igjen på hausten. Snittalet er 11 500 brukarar per måned, mot litt over 5000 året før, som var prega av omlegging av nettsida og flytting til Bø. I 2017 var det besøksrekord med 11 622 unike brukarar i snitt per måned. Størst trafikk var det i september 2019 med 18 827 brukarar.
- I april blei det gjort ein brukartest av fug.no hos Netlife Design med foreldre i panelet. På førehand blei det gjennomført intervju og test med utvalsmedlemmer.

- Vi har lagt ut fem nye filmsnuttar på fire nye språk på fug.no om kor viktig det er at foreldre engasjerer seg.
- Saman med FUB har vi lagt ut ein ny nedlastbar brosjyre om skulestart og overgangar.

Vi har sendt ut fire nyheitsbrev med lenkje til nettsaker.

Sosiale medium

- I april 2019 etablerte FUG seg med profil på Instagram. Det er blitt ein viktig kanal for å spreie aktuelle saker.

Media

- FUG har handtert 65 mediesaker. Tolv av desse var proaktive saker.
- I 2019 skreiv vi fem lesarinnlegg. To av desse var i samband med kommunevalet.
- Det blei sendt ut fire pressemeldingar.

Styringsparameter 2.3 Vise enkeltsaker vidare til rett formell instans

Tiltaket inneber at FUG har prioritert

- å vise enkeltsaker til den rette formelle instansen der det er naturleg
- å gi råd og rettleiing til foreldre som har behov for hjelp

Evaluering av det oppnådde resultatet og det vidare arbeidet

- FUG meiner målet langt på veg er nådd. Utvalet seier at vi får gode tilbakemeldingar frå dei som tek kontakt med FUG, men vi har teke inn over oss at vi må nå fleire foreldre. Dette langsiktige arbeidet må vi jobbe vidare med. Vi må jobbe for at både foreldra og skulane skal vite korleis dei kan samarbeide.

Den nye heimesida har fått positiv respons frå brukarane. I hovudtrekk viser svara frå brukartesten i regi av Netlife Research at vi må jobbe med å forenkle strukturen, løfte fram kjernesaker for foreldra i større grad og dessutan forenkle språket endå meir. Dette skal vi følge opp i 2020, mellom anna ved å lage seks temaboksar på viktige emne på førstesida. For å marknadsføre den nye heimesida og auke trafikken har vi brukt fleire sponsa innlegg på Facebook når vi deler eigne nettsaker. Vi har òg oppmoda samarbeidspartnarar og andre til å sjekke sida og reklamere for henne. Fug.no blir oppdatert jamleg med nytt, informativt og brukarretta stoff, og undersida «Gode eksemplar» er prioritert særleg høgt. Det er gjort eit godt stykke arbeid, og vi har nesten nådd tala frå 2017. Følgjarskaren på Instagram byggjer seg opp gradvis.

FUG har vore synleg med synspunkt i media og på sosiale medium heile året. Det er viktig for oss, særleg med tanke på at vi ønskjer å setje søkjelyset på eit godt heim-skule-samarbeid. Størst mediemerksemd fekk to av hjertesakene våre: ønsket om FAU i vidaregåande skule og ulik pris og ulikt innhald i SFO-ane. FUG-leiaren var med i Dagsnytt Atten-debattar om begge sakene. FUG-leiaren var òg intervjuet på Dagsrevyen og nrk.no og var gjest i P2 Morgen om SFO-saka, og i tillegg dekte NTB saka, som dermed blei spreidd til over 100 aviser. FUG-leiaren var gjest i Nyhetsmorgen i NRK i samband med halloween og inkludering. FUG-leiaren har òg vore intervjuet om mobilbruk, nettbrett, lekser og vennegrupper. Utdanningsnytt og Hjem og skole har hatt ei rekkje intervju med FUG-leiaren i løpet av året.

FUG opplever at vi er tilgjengelege for foreldre som tek kontakt, og vi får positive tilbakemeldingar på kurs for foreldre og tilsette i skulen, rådgiving og rettleiing. Dei som deltek, opplever kursa som nyttige, og derfor er det viktig for FUG å halde fram med dette arbeidet. FUG har dei siste åra besøkt alle fylka i landet.

Foreldre som kontaktar FUG, treng nokon å snakke med, og dei treng å bli høyrde. FUG legg vekt på samarbeid. Når vi viser nokon vidare, er det som regel til skulen/rektor, kommunen, Fylkesmannen, Utdanningsdirektoratet, mobbeombodet eller Barneombodet. FUG opplever òg at andre viser til oss. Rådgiving på e-post og telefon ser ut til å dekkje behovet for dei som treng denne hjelpa, og det er derfor ei teneste FUG vil halde fram med.

Eit vesentleg grunnlag for verksemda til FUG under verksemdsmål 2 er å ha oppdatert kunnskap om kva eit godt heim–skule-samarbeid er, og korleis det fungerer i praksis på skular i Noreg i dag. I 2019 melde vi frå til Kunnskapsdepartementet om at det er behov for meir forskning på dette området. Resultatet er at Universitetet i Stavanger vil utarbeide ei kunnskapsoversikt. Det vil avdekkje behovet for forskning på området.

Ved hjelp av fleire tiltak har FUG jobba for å få til ei direkte kopling med skular og FAU på dei 2830 skulane i Noreg. Ei slik kopling vil bidra til eit godt heim–skule-samarbeid i praksis. For FUG er det viktig at både foreldra og skulane veit korleis dei kan samarbeide. Hausten 2019 begynte vi eit samarbeid med Arkitektum for å kartleggje vegen vidare. Udir har òg bidrege til dette arbeidet, som skal halde fram i 2020.

FUG har gjennom åra brukt mykje kapasitet på å setje heim–skule-samarbeidet på dagsordenen i lærarutdanningane. Dette har vi jobba mykje med i 2019 òg. Vi er no i ein prosess med Kommunenes sentralforbund om eit FoU-prosjekt på heim–skule-samarbeid med nyutdanna og nytilsette lærarar. Dette arbeidet må intensiverast, og det vil krevje ein god del kapasitet i 2020.

Verksemdsmål 3: Foreldreutvala samarbeider med relevante aktørar i saker som gjeld samarbeid mellom skulen og heimen.

Styringsparameter 3.1 Samarbeidet gir meirverdi for heim–skule-samarbeidet

Tiltaket inneber at FUG har prioritert

- å samarbeide med mange nasjonale instansar, mellom anna Barneombodet, Elevorganisasjonen, KS, Skolelederforbundet, Utdanningsforbundet og NAFO
- å delta aktivt i alle tre arbeidsgruppene i Partnerskap mot mobbing (PMM)
- å delta på stand i Arendalsuka i regi av PMM og å delta i ein debatt
- å få foreldresamarbeid som tema i leiarmøtet i PMM
- å samarbeide med Barneombodet gjennom PMM om eit utvida fagleg forum der temaet var tryggleik for barn og unge på nett
- å delta i Facebook-dugnaden for PMM
- å delta på World Anti Bullying Forum
- å samarbeide med Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) om å vidareutvikle digital informasjon om heim–skule-samarbeidet og det norske skulesystemet

Styringsparameter 3.2 Deltaking i relevante arbeids- og referansegrupper

Tiltaket inneber at FUG har prioritert å delta i følgjande grupper:

- Arbeidsgruppene som er knytte til PMM: Det har opna for meir samarbeid mellom FUG og nokre av partnarane, mellom andre Elevorganisasjonen, Skolelederforbundet, KS, Utdanningsforbundet og Skolenes Landsforbund.
- Arbeidsgruppa for Hjartesone, saman med mellom andre Trygg Trafikk, Helsedirektoratet og Vegdirektoratet. Det foreløpige resultatet av dette prosjektet er at fleire skular har oppretta trafikkfrie område rundt skulen.
- Referansegruppa for Unicefs pilotskular, som byggjer heile verksemda si på FNs barnekonvensjon, både bevisst, uttalt og visuelt. I Noreg er det no to pilotskular. Skulane legg vekt på elevmedverknad og arbeider systematisk for å auke respekten for eigne og andre sine rettar hos alle som er tilknytte skulen.

- Medietilsynets Trygg bruk-nettverk
- Referansegruppa for RUR-ED, Spatial Inequalities and Spatial Justice in Education ved Universitetet i Tromsø
- Referansegruppa for fysisk læringsmiljø, Udir
- UHR-lærarutdanning
- Deltaking i NoKo (Nordisk Komité) og EPA (European Parents' Association)
- Deltaking i ulike nettverk, til dømes nettverk for leksebevisste skular og nettverk for medverknad i opplæringa (NEMIO)
- Referansegruppa for Barn & unge-kongressen 2020

Styringsparameter 3.3 Vere ein kjend og omtykt aktør i sektoren

Tiltaket inneber at FUG har prioritert mellom anna

- å arbeide med ei direkte kopling mot FAU i skulane
- å reise på studietur til Dublin for å lære korleis den irske foreldreforeininga National Parents Council Primary (NPC) jobbar med direkte kontakt med medlemmene
- å etablere seg på Instagram
- å utvikle og følgje opp strategiar for media, sosiale medium på nettsida og proaktive medieplanar

Evaluering av det oppnådde resultatet og det vidare arbeidet

- FUG meiner at resultatmålet om å samarbeide med relevante aktørar i saker som gjeld samarbeid mellom heim og skule, langt på veg er nådd. Utvalet gir gode tilbakemeldingar på dette arbeidet, men peiker òg på at vi må vere tydelege på kva vi prioriterer, og kor mykje tid vi skal bruke på dei prioriterte sakene. Det er gitt gode tilbakemeldingar på det igangsette arbeidet på dette området.

Samarbeidet har skjedd i form av kontaktmøte, felles prosjekt og ulike arbeidsgrupper. I slike forum har FUG fremja foreldreperspektivet i heim–skule-samarbeidet til beste for elevane, med ein intensjon om å gjere skulekvardagen betre for alle elevar.

Dei nemnde instansane er relevante fordi arbeidet deira bidreg til informasjonsspreiing blant ulike målgrupper som i praksis jobbar med samarbeidet mellom heimen og skulen. Vi meiner dette er eit viktig ledd i arbeidet for å sikre dei lovfesta rettane til elevane. Samarbeidet med andre instansar i og utanfor utdanningssektoren har hatt ein meirverdi ved at det har gjort arbeidet til FUG meir kjent. Det har ført til at FUG er blitt invitert til og/eller har delteke på fleire relevante arenaer/innspelsmøte.

Samarbeidet med NAFO blir drege noko over i 2020 på grunn av uføresette hindringar for NAFO. FUG har vurdert dette som viktig, og vi har derfor bidrege til og er blitt haldne løpande orienterte om dette arbeidet. Den trykte brosjyren med informasjon om heim–skule-samarbeid og det norske skulesystemet blei lansert i desember, og den digitale informasjonen om dei same temaa vil bli lansert i 2020.

Deltakinga i NoKo gir ein stor meirverdi både for utvalet og sekretariatet. Samarbeidet i EPA har vore meir utfordrande, og overføringsverdien er ikkje alltid like openberr, men dette kan endre seg over tid, og utvalet har derfor bestemt seg for å halde fram samarbeidet og heller evaluere det undervegs. Kontakten med den irske foreldreforeininga NPC har oppstått gjennom EPA. Leiaren i NPC har i 2019 delt erfaringar og kompetanse både i arbeidet mot lærarutdanningane og i den direkte koplinga mot FAU.

Utvalet og sekretariatet samarbeider tett for å avklare vurderingane og standpunkta til utvalet, slik at både utvalsmedlemmene og sekretariatet kan fremje stemma til utvalet.

Det vil i tida framover vere viktig å prioritere kva vi skal delta på, for mandatet kan tolkast vidt. Det kan føre til at vi smør arbeidet tynt utover og ikkje får jobba grundig og målretta nok med dei prioriterte sakene. Eit kritisk blikk på tidsbruken vil vere viktig for at vi skal nå måla våre.

Del 3 Verksemda til sekretariatet i 2019

Resultatmål for 2019

Verksemdsmål 4: Foreldreutvala blir drifta godt og effektivt.

Styringsparameter 4.1: Forståing og etterleving av statleg regelverk

Tiltaket inneber følgjande:

- Utvala og sekretariatet arbeider saman for å nå måla i tildelingsbrevet.
- Sekretariatet førebur sakene til arbeidet til utvala og sørgjer for at vedtak blir følgde opp.
- Oppdatert kunnskap, forståing for og etterleving av det statlege regelverket er grunnlaget for verksemda, og rutinane som er etablerte, blir vurderte med jamne mellomrom.
- Dei tilsette har delteke på kurs og formidla nytt regelverk til dei andre tilsette og til utvalsmedlemmer når det er nødvendig.
- Sekretariatet har følgd opp og effektivisert rutinar for økonomistyring.

Styringsparameter 4.2: Tilrettelegging av arbeidet til utvala

Tiltaket inneber at sekretariatet har

- lagt til rette for ein gjensidig dialog som sikrar god kvalitet på oppdraga til foreldreutvala
- halde utvala løpande informerte om utviklinga i sektoren
- lagt til rette for at utvalsmedlemmene har fått fagleg utvikling og held kontakt med feltet
- lagt til rette for diskusjon og meiningsdanning i relevante høyringar

Styringsparameter 4.3: Rolleforståing og fordeling av oppgåver mellom utvala og sekretariatet

Tiltaket inneber at sekretariatet har

- lagt til rette for gode prosessar ved å avklare roller og forventingar

Evaluering av det oppnådde resultatet og det vidare arbeidet

- FUB og FUG meiner at målet langt på veg er nådd. Sekretariatet har gitt utvala faglege råd og rettleiing. Utvala har vurdert dialogen som god og opplever at det er progresjon i dei prioriterte sakene både i det kortsiktige og det langsiktige arbeidet. Utvala opplever at sekretariatet har gode rutinar, og at verktoya våre er formålstenlege.

Rutinemessig ser vi på om arbeidsmåtane våre er formålstenlege, og justerer slik at utvalsmedlemmene opplever at dei får utført vervet på ein god måte. Sekretariatet og utvalet opplever at rutinane for økonomi har fungert godt, og vidarefører desse for å sikre god styring med økonomien. Det er bestemt at det skal vere ei tredeling av budsjettet frå 2020, slik at utvala lettare kan ta eigarskap til sine delar av budsjettet. Det statlege regelverket blir formidla til utvalsmedlemmene slik at dei òg er godt kjende med dette.

Utvala gir ei god vurdering av kompetansen og arbeidet til sekretariatet. I samarbeid med utvala avklarar og fordeler sekretariatet oppgåvene som følgjer av mandatet. Det er utarbeidd ei handbok for foreldreutvala, ein utvalsinstruks, som tek for seg

- mandat og bindingar i lovverket
- rolleavklaringa mellom utvala og sekretariatet
- periodehjul

- rutinar i og mellom møta

For at vi skal kunne gjere meir av det som fungerer bra, og gjennomføre nødvendige endringar, blir utvalsmøta evaluerte. Sekretariatet tek med seg tilbakemeldingane i det vidare arbeidet med utvalsmøta. I dette arbeidet vil det vere viktig å bruke metodikken frå lærande møte, slik at alle stemmer blir høyrde og utvalet kan ta grunngitte standpunkt som det er semje om.

Verksemdsplanen skal vere eit levande dokument, og sekretariatet gjer ei halvårleg statusoppdatering om våren. Oppdateringa skal leggjast fram for utvalet slik at det er orientert om statusen, og slik at utvala og sekretariatet saman kan prioritere kva dei skal arbeide med til hausten.

Utgreiing av bruken av tildelte midlar på kapittel 221 post 21 og kapittel 226 post 21 i 2019

Kontoplanen følgjer retningslinjene som er gitt for statlege verksemdar, og det er definert ulike koststader for å kunne rapportere på høvesvis utval, sekretariat og eksterne.

Formålet er delt opp i hovudkategoriane rådgiving overfor myndigheitene, utoverretta verksemd mot foreldre lokalt og drifts-/verksemdsaktivitetar. Det blir gjort greie for bruken av tildelte midlar til FUB og FUG for 2019. Kommentaraner er på kontogruppenivå.

FUG/FUB fekk tildelt 15 633 000 kroner i tildelingsbrevet for 2019. Det blei i tillegg gitt to supplerande tildelingar på høvesvis 749 000 kroner (overført mindreforbruk frå 2018) og 142 000 kroner (kompensasjon for lønnsoppgjær). Dette utgjer til saman 16 524 000 kroner i tildeling på kapittel 221 post 01. Det blei gitt tildeling på kapittel 226 post 21 i supplerande tildelingsbrev på 930 000 kroner til å dekkje ekstraordinære kostnader som følgje av at sekretariatet blei flytta.

Kommentarar om ressursbruk

Vurdering av vesentlege formål samanlikna med fjoråret

Driftsutgiftene til FUG på kapittel 221 post 01 var på 15 849 000 kroner i 2019, mot 13 779 000 kroner i 2018. Hovudårsaka til avviket er flyttinga til Bø og at tre tilsette valde å slutte i stillinga si i 2018. Det førte til kapasitetsutfordringar og dermed eit lågare driftsnivå. I tillegg blei det utgiftsført 803 000 kroner på kapittel 226 post 21 for kostnader knytte til flytting av sekretariatet ved ompostering av utgifter frå post 01 til post 21.

Kontogruppe 50 Lønn

Lønnsutgifter til fast tilsette i sekretariatet blei rekneskapsførte med 4 961 000 kroner i 2018 og 5 790 000 kroner i 2019. Lønnsutgiftene inkluderer overtid for fast tilsette og er korrigerede mot mottekne refusjonar. Fordi sekretariatet blei flytta, var det fleire ledige stillingar hausten 2018. Frå og med februar 2019 var det gjort tilsetjing i alle stillingane i sekretariatet. Det samla mottekne refusjonsbeløpet for 2019 er 1 958 000 kroner. Det inkluderer sjukelønn, foreldrepengar og refusjon for utleige av ein tilsett. Frå 2019 har vi jobba med å fordele arbeidsoppgåvene og redusere overtidsarbeidet.

Kontogruppe 53 Honorar

Denne kontogruppa inkluderer fast honorar til leiaren og nestleiaren og variable honorarutgifter til gjennomføring av møte etc. for medlemmene i utvala. Det blei kostnadsført honorar for 1 182 000 kroner i 2019 mot 1 249 000 kroner i 2018.

Kontogruppe 54 Arbeidsgivaravgift

Arbeidsgivaravgifta er rekneskapsført med 1 324 000 kroner i 2019, mot 1 049 000 kroner i 2018.

Kontogruppe 63 Leige av lokale

Det blei rekneskapsført 705 000 kroner til husleige for 2019. I 2018 blei det rekneskapsført 950 000 kroner, som òg dekte reinhald, straum, leige av resepsjonstenester, planteleige og liknande for lokala i Oslo fram til flyttinga til Bø hausten 2018.

Kontogruppe 67 Kjøp av framande tenester

Ny inndeling av året. Sjå årsrekneskap med forklaring i note 3. Totalt blei det rekneskapsført 1 500 000 kroner på kontogruppa i 2019, mot 1 720 000 kroner i 2018. Avviket på 220 000 kroner skriv seg frå reduksjon i fleire mindre utgiftspostar.

Kontogruppe 71 Kostnad og godtgjersle for reise, diett, bil og liknande

Totalt blei det rekneskapsført 1 523 000 kroner på kontogruppe 71 i 2019, mot 967 000 kroner i 2018. Auken frå 2018 til 2019 skriv seg frå mykje større reiseaktivitet for rådgivarar i sekretariatet og fleire gjennomførte utvalsmøte/aktivitetar i 2019. Mange av samarbeidspartnarane våre er i hovudsak lokaliserte i Oslo, noko som fører til auka behov for reising og overnatting etter flyttinga til Bø. Verksemda er i tillegg bunden av individuelle avtalar for tilsette som fekk endra arbeidsstad. Det gjeld kostnader knytte til reise mellom heimen og arbeidsstaden, losji (hybel/hotell) og kostgodtgjersle.

Store og ressurskrevjande tiltak i 2019

- Samarbeid med NAFO spesifisert i tildelingsbrevet på 500 000 kroner om utvikling av digitalt materiell om heim-skule-samarbeid
- Gjennomført storutsending av materiell til alle skular og barnehagar til 1 200 000 kroner
- Gjennomført foreldrekonferanse for foreldre med barn i barnehagen til 600 000 kroner
- Utgifter til innkjøp og drift av IKT på 576 000 kroner

Drift av utvala etter at sekretariatet blei flytta, medførte ekstra kostnader sidan vi i større grad må leige lokale for å kunne gjennomføre møte. Vi må leggje til rette for at det skal vere enkelt for utvalsmedlemmene å komme seg til møta, derfor blir møta gjerne haldne i Oslo. Det medfører at dei tilsette i sekretariatet i større grad enn tidlegare har behov for overnatting.

Avvik mellom tildelte og rekneskapsførte beløp

I 2019 fekk FUB og FUG 16 524 000 kroner i samla tildeling for kapittel 221 post 01 og 930 000 kroner for kapittel 226 post 21. Rekneskapen viste eit forbruk på 15 849 000 kroner for post 01 og 803 000 kroner for post 21. Det vil seie eit mindreforbruk på 674 000 kroner for post 01 og 127 000 kroner for post 21.

Verksemda kan søkje om overføring av ubrukte midlar på inntil 5 prosent av den opphavlege tildelinga (overførte midlar frå eitt år til eit anna blir haldne utanfor). Søknaden er send til Kunnskapsdepartementet for overføring av ubrukte midlar for kapittel 221 post 01 på 674 417 kroner (4,3 prosent av tildelinga). Ubrukte midlar for kapittel 226 post 21 blir ikkje søkt overførte og er derfor førte opp i note B til årsrekneskapen. Kunnskapsdepartementet har gitt tilgang til søknad om supplerande tildeling for kapittel 226 post 21 i tildelingsbrevet for 2020.

Mindreforbruket i 2019 skriv seg først og fremst frå mottekne refusjonar for sjukelønn og foreldrepermisjon. Supplerande tildeling på post 21 gav tilgang til ompostering av utgifter frå post 01 til post 21. Omposteringa var bunden opp mot ekstraordinære kostnader i samband med flytting og reetablering av sekretariatet.

For begge utvala har det vore avgjerande at dei tildelte midlane skal brukast i samsvar med føringane i tildelingsbrevet, og at ressursane skal utnyttast effektivt og formålstenleg.

Kapittel IV Styring og kontroll i verksemda

Verksemda si overordna vurdering av styring og kontroll

Utvala og sekretariatet arbeider etter måla og resultatkrava som er fastsette i tildelingsbrevet, og arbeidet blir følgt opp innanfor rammene i tildelingsbrevet. Kontorsjefen har gjort ei risikovurdering. Sekretariatet har fått tre nye tilsette og har derfor brukt mykje tid på opplæring. Dei tilsette i sekretariatet har strekt seg langt og har vist fleksibilitet i arbeidsoppgåvene i ein arbeidssituasjon som over tid har vore krevjande. Samla sett er måloppnåinga vurdert som god.

Krava til resultat- og rekneskapsrapportering blir følgde. Verksemda er fullservicekunde hos DFØ og følgjer metodane deira for styring og kontroll. Informasjon som ligg i rekneskapstal frå sist år, blir brukt som avgjerdsgrunnlag for planlegging av nye tiltak og ønskje resultat. Det er eit mindreforbruk som i hovudsak skriv seg frå refusjonar. Fortløpande vurdering av rekneskapstala har vore følgt opp med justering av aktivitetar og ein plan for tiltak som blei sette i verk.

Lovar og reglar blir haldne. Sekretariatet held seg oppdatert på det gjeldande regelverket og formidlar det vidare til utvalsmedlemmene.

Vesentlege forhold ved styring og kontroll

Økonomiinstruksen til verksemda

Arbeidsprosessar og arbeidsfordeling er etablert for å sikre effektivitet, god tilgang på nødvendig informasjon og sikker handtering. Økonomiinstruksen er under kontinuerleg vurdering internt og blir revidert.

Etiske retningslinjer for verksemda

Det er ikkje blitt utvikla eigne etiske retningslinjer for verksemda; vi har brukt dei retningslinjene som er utvikla for staten, og som er reviderte 26.4.2012.

Fellesføringar

Arbeidslivskriminalitet

Sekretariatet har det primære ansvaret for at verksemda driv i samsvar med lov og regelverk. Det er ikkje inngått nokon større kontraktar i 2019. Avtalar blir gjorde i samsvar med innkjøpsavtalar i staten. Dersom større kontraktar blir inngått, vil ein kontrollere at leverandøren held seg til krava om lønns- og arbeidsvilkår.

Tryggleik og beredskap

Verksemda har ein eigen plan for krisehandtering. Dei tilsette er godt kjende med denne planen. Det er sett i gang eit arbeid med verksemdstilpassa risiko- og sårbarheitsanalysar som vil strekkje seg over i 2020. Det er gjennomført brannøving i 2019, med påfølgjande evaluering.

Verksemda har ein eigen plan for informasjonstryggleiksarbeid som inneheld rutinar for å handtere uønskje digitale hendingar. Planen er godt kjend blant dei tilsette. Arbeidet blei ferdigstilt i 2019. Vi har i 2019 oppgradert programvara og maskinparken for å auke tryggleiken og minske risikoen. Vi legg vekt på å halde på den høge tryggleikskulturen samtidig som dei tilsette kan utføre arbeidet sitt på ein god og effektiv måte.

Andre krav til årsrapporten

Informasjonsstrategi og gjennomføring av informasjonsoppgåver

Kommunikasjonsarbeidet i FUB og FUG har i 2019 vore i tråd med dei strategiane utvala har vedteke for media, nett og dei sosiale media og med proaktive medieplanar. Begge utvala har vedteke ein overordna kommunikasjonspolitikk som alle strategiane er forankra i. Dei enkelte tiltaka er beskrivne for begge utvala under kapittel III.

Likestilling

76 prosent av dei tilsette er kvinner; ved tilsetjingar tek ein derfor sikte på å tilsetje fleire menn. Tre personar – to av dei menn – blei tilsette i 2018. Dei tok til i stillinga i 2019. Det er ei forbetring av fordelinga frå 2018. Då var alle tilsette kvinner.

Helse, miljø og sikkerheit

Asbjørn Tolo er verneombod i 2019.

Det har vore nokre utfordringar med dei mellombelse lokala i Bø, som er under utbetring. Det er usikkert når sekretariatet kan flytte inn i dei permanente lokala.

Sekretariatet gjorde ein ny IA-avtale i 2014, og delmål 1 i avtalen er å redusere sjukefråværet. Eitt tiltak er ein times trening i arbeidstida kvar veke for tilsette under 60 år og to timar i veka for tilsette over 60 år. Sjukefråværet var på 5,15 prosent i 2018 og på 13,1 prosent i 2019. Sjukefråværet er høgt på grunn av langtidssjukmeldingar. Ingen av sjukmeldingane er arbeidsrelaterte, og begge er blitt følgde opp i samsvar med regelverket. Målet i avtaleperioden er å halde seg på fraværsprosenten for 2013, det vil seie 2,32 prosent. Dei tilsette har vore opptekne av trening, kosthald, helse og frammøte. Det har òg vore gjennomført trivselsfremjande tiltak, og det har vore gjort eit stort arbeid med HMS-systemet i 2019.

Delmål 2 i IA-avtalen tek for tilrettelegging for personar med redusert funksjonsevne. Det er ingen tilsette med redusert funksjonsevne.

Delmål 3 tek for seg forlenging av yrkeskarrieren. Ved utgangen av 2019 er fem av elleve tilsette mellom 50 og 60 år, og to tilsette er over 60 år. Seniortiltak er ekstra fridagar i tillegg til den avtalefesta ferien.

Rekruttering og redusert arbeidsevne

Det var ingen nye tilsetjingar i 2019.

Kapittel V Vurdering av framtidsutsikter

Barnehagelova og opplæringslova omtaler samarbeid med foreldra. Eit nært og forpliktande samarbeid er avgjerande for å realisere måla som er sette for barnehage og skule. At dette er lovfesta rettar, er eit viktig signal om at foreldresamarbeid blir sett høgt og vurdert som viktig. Forsking på feltet underbyggjer dette. Stadig fleire ser ut til å bli klar over kor viktig foreldresamarbeidet er. Mange barnehagar og skular har rigga seg imponerande godt for eit samarbeid på både individ- og gruppenivå.

Rådgivinga og samtalane med sektoren viser at samarbeidet ikkje alltid er like enkelt, og det sekretariatet får flest spørsmål om, er vanskar i samarbeidet med barnehagen eller skulen. Foreldreundersøkinga til FUB og kontakt med sektoren viser tydeleg at vi må jobbe meir med foreldremedverknad både i barnehagar og skular. Det å rigge eit system for medverknad både på individ- og gruppenivå vil vere eit godt førebyggjande tiltak, og det vil sikre demokratiske prosessar. Skal vi lykkast med å få gode resultat og fleire som fullfører vidaregåande opplæring, må foreldra vere med og bidra til gode læringsmiljø i barnehagar og skular. Dette er eit langsiktig arbeid. Det vil framleis vere stort behov for å sørgje for at både foreldra og dei tilsette i barnehage og skule har kompetanse og får rettleiing, slik at ein kan etablere eit godt samarbeid og halde det ved like.

Dei noverande utvala trer av 31.12.19, og frå januar 2020 får vi to nye utval. Vi har i 2019 førebudd oss på å ta imot dei nye utvala. Det er utarbeidd ein plan for dei første åra. Planen må justerast ut frå kva utvala sjølve ønskjer. Dei skal få setje sitt preg på arbeidet, og vi må tilpasse oss kvarandre. Det blir spennande å sjå kva saker utvala vil prioritere i perioden. Vi i sekretariatet skal gjere vårt beste for å lage gode rammer for arbeidet til utvala, og vi vil bruke fagkompetansen vår slik at dei kjem i mål med dei prioriterte sakene.

2019 har vore året med etablering i Bø. Vi har vore så heldige å få med både erfarne tilsette frå Oslo og nye tilsette med god kompetanse. Vi skal ta vare på det gode arbeidet som blir gjort, vidareutvikle det og samtidig bli kjende med kvarandre. Dette er eit arbeid som tek tid. Verkemiddelavtalane går ut 31. august 2020. Vi går inn i eit usikkert år på bemanningssida og kan komme til å oppleve kapasitetsproblem. For at vi skal kunne arbeide førebyggjande og minimere risikoen og sårbarheita i verksemda, er bemanningssituasjonen teke inn i arbeidet med ROS-analyse.

Sekretariatet har jobba inn nye måtar å gjere arbeidet på frå Bø. Vi jobbar målretta og justerer arbeidet gjennom året. Vi er meir digitale enn tidlegare både i arbeidet mot utvala og internt i sekretariatet. Dette må vi jobbe vidare med.

Både FUB og FUG er aktive på heimesidene og i sosiale medium. Vi må jobbe endå meir med å nå foreldra i åra som kjem.

Skal vi få gjennomslag for sakene våre, er det viktig at vi er synlege på dei arenaene der avgjerder blir tekne, og der samarbeidspartnarane våre deltek. Vi er avhengige av å bevare eit godt samarbeid og nære relasjonar med aktørane i det store nettverket som utvala har opparbeidd, og då er det behov for fysiske møte. Avstanden til sentrale aktørar vil medføre mykje reisetid framover. Tida og kostnadene som går med til å reise, vil ein måtte kompensere for med auka budsjettammer og oppbemanning for å halde eit høgt nok aktivitetsnivå. Vi må utvikle dei menneskelege ressursane våre og sørgje for at dei tilsette har den rette kompetansen. FUB og FUG vurderer det slik at vi, så lenge dei økonomiske rammene er gode nok, også på lengre sikt vil nå dei fastsette måla på ein tilfredsstillande måte.

Kapittel VI Årsrekneskap

Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen 2019

Sekretariatet er eit ordinært statleg forvaltingsorgan som fører rekneskap etter kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Årsrekneskapen utgjer del VI i årsrapporten til Kunnskapsdepartementet.

Stadfesting

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og økonomiske føringar i tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet. Rekneskapen gir eit dekkjande bilete av disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

Vurderingar av vesentlege forhold

For 2019 var tildelinga på 15 775 000 kroner, og dei overførte midlane frå 2018 var 749 000 kroner. Den totale disponible tildelinga for 2019 på post 01 var på 16 524 000 kroner. Det blei i tillegg tildelt 930 000 kroner på post 21 for å dekkje tilleggsutgifter som følgje av flytting og reetablering av sekretariatet frå Oslo til Bø. Rekneskapsåret 2019 var det første heile driftsåret for sekretariatet ved den nye plasseringa i Bø.

Utbetalingar til lønn utgjorde totalt 9 375 364 kroner i 2019, mens 6 975 779 kroner gjekk til drift. Mindreforbruket for post 01 utgjorde 674 417 kroner. Hovudårsaka til mindreforbruket er mottekne refusjonar for sjukelønn og foreldrepermisjon. Supplerande tildeling på post 21 gav tilgang til ompostering av utgifter frå post 01 til post 21. Omposteringa var bunden opp mot ekstraordinære kostnader i samband med flytting og re-etablering av sekretariatet. Samanstillinga av rekneskapane for 2018 og 2019 gir derfor vesentlege avvik på fleire punkt. Stordriftsfordelane sekretariatet hadde ved plasseringa i Oslo, har falle heilt bort. Det gjeld IKT-drift, vaktmeistertjenester, reinhald og energiutgifter. Flyttinga til og oppstarten i Bø har ført til ein del etableringskostnader, til dømes klargjering av lokala med elektriske punkt, møblar o.a. Det gir eit vesentleg avvik på utgifter til drift av eigedom og lokale, jf. note 3 i årsrekneskapen.

Det er fire årsaker til avvik for reise- og diettutgifter:

1. Auka reiseavstand til samarbeidspartnarar fordi dei fleste er lokaliserte i Oslo
2. Auka aktivitet for utvala i form av fleire gjennomførte utvalsmøte i 2019
3. Dekking av reiser mellom heimen og arbeidsstaden i samsvar med individuelle avtalar for medarbeidarar som framleis er tilsette etter at sekretariatet flytta
4. Auka reiseaktivitet for sekretariatsrådgivarane i samband med føredragsverksemd ved skular og barnehagar rundt om i landet

Under kategorien Andre driftsutgifter er det komme på ekstra kostnader ved etableringa til innkjøp av nettverkskomponentar, PC-ar og mobiltelefonar. Det gjeld utgifter til IKT (PC, telefoni, driftsavtale, breiband, lisensar o.a.).

Kjøp av framande tenester har eit vesentleg avvik samanlikna med 2018. Ein del materiell blei distribuert gjennom storutsendinga til alle skular og barnehagar. Storutsendinga blei ikkje gjennomført i 2018.

Lønnsutgiftene har eit vesentleg avvik ved samanstillinga 2018/2019 fordi det hausten 2018 var fleire ledige stillingar i sekretariatet. Frå og med februar 2019 var det gjort tilsetjing i alle stillingane i sekretariatet. Som følgje av ein utleigeavtale med Kunnskapsdepartementet og ei

vikariatstilling på grunn av sjukefråvær blei det til saman lønna for 10,8 stillingar i 2019, mot normalt 9,6.

Revisjonsordninga

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for FUB og FUG.

Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per i dag. Revisjonsmeldinga vil bli publisert på nettsida til utvala så snart dokumentet er offentleg.

Midt-Telemark, 06.03.20

Marianne Dahlseng
kontorsjef

Prinsippnote årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Foreldreutvalet for barnehagar og Foreldreutvalet for grunnopplæringa er utarbeidd og lagd fram etter retningslinjene som er fastsette i føresegner om økonomistyring i staten. Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1, nærmare føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115 av november 2016 og eventuelle tilleggskrav som Kunnskapsdepartementet har fastsett.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men er grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krava i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemder tilknytte statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene pkt. 3.7.1 Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen. Ved slutten av året blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen nullstilt ved overgangen til nytt år.

Oppstilling av løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar som verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen «Samla tildeling» viser kva FUB og FUG har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel 221 / post 01). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedelar og plikter som verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottekne fullmakter til å belaste kapitlet/posten til ei anna verksemd (belastingsfullmakter) kjem ikkje fram i kolonnen for samla tildeling, men er omtalte i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne belastingsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og kjem fram i kolonnen for rekneskap.

Dei avgitte belastingsfullmaktene er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir verken bokførte eller rapporterte til statsrekneskapen av verksemda sjølv. Avgitte belastingsfullmakter blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastingsfullmakta, og er derfor ikkje med i kolonnen for rekneskap. Dei avgitte fullmaktene kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

Oppstilling av artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del, som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del, som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassen. Artskontorrapporteringa viser

rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. FUB og FUG har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og er derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Vedlegg: Årsrekneskap 2019 med notar

Virksomhet: KX - Foreldreutvalgene for grunnopplæringen og barnehager		Rapport kjørt: 18.02.2020					
Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2019							
Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling*	Regnskap 2019	Merutgift (-) og mindreutgift
0221	Foreldreutvalgene for grunnopplæringen og barnehager	01	Driftsutgifter	A, B	16 524 000	15 849 583	674 417
0226	Utviklingsprosjekt	21	Spesielle driftsutgifter	A	930 000	803 248	
1633	Nettoordning for MVA i staten	01	Nettoordning for MVA i staten		0	995 598	
	<i>Sum utgiftsført</i>				17 454 000	17 648 430	
Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst		Samlet tildeling*	Regnskap 2019	Merinntekt og mindreinntekt(-)
5309	Ymse utgifter/inntekter	29	Statens tilfældige inntekter		0	13 300	
5700	Folketrygden	72	Arbeidsgeveravgift		0	1 324 099	
	<i>Sum inntektsført</i>				0	1 337 399	
	Netto rapportert til bevilgningsregnskapet					16 311 031	
	Kapitalkontoer						
60089801	Norges Bank KK /innbetalinger					782 420	
60089802	Norges Bank KK/utbetalinger					-16 934 812	
702960	Endring i mellomværende med statskassen					-158 639	
	<i>Sum rapportert</i>					0	
	Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)						
702960	Mellomværende med statskassen				31.12.2019	31.12.2018	Endring
					-497 585	-338 946	-158 639
* Samlet tildeling skal ikke reduseres med eventuelle avgitte belastningsfullmakter (gjelder både for utgiftskapitler og inntektskapitler). Se note B <i>Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år</i> for nærmere forklaring.							

Virksomhet: KX - Foreldreutvalgene for grunnskolene og barnehager

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter			
Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
221 post 01	749 000	15 775 000	16 524 000
226 post 21	0	930 000	930 000

Virksomhet: KX - Foreldreutvalgene for grunnskolene og barnehager

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-) mindre utgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastningsfullmakter(-)	Merutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Merinntekter / mindreinntekter(-) iht. merinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
221/ post 01		674 417		674 417				674 417	788 750	674 417
									[5% av årets tildeling i note A]	

*Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres". Se årlig rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.

Oppstilling av artskontorrapporteringen 31.12.2019

	Note	2019	2018
Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	0	0
Salgs- og leieinntekter	1	0	0
Andre inntekter	1	0	0
<i>Sum inntekter fra drift</i>		0	0
Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetalinger til lønn	2	9 375 364	7 904 067
Andre utbetalinger til drift	3	6 975 779	5 875 041
<i>Sum utbetalinger til drift</i>		16 351 142	13 779 108
Netto rapporterte driftsutgifter		16 351 142	13 779 108
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetaling til investeringer	5	301 689	0
Utbetaling til kjøp av aksjer	5,8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		301 689	0
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		301 689	0
Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.	6	0	0
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		0	0
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Utbetalinger av tilskudd og stønader	7	0	0
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		0	0
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler *			
Grupplivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		13 300	11 369
Arbeids giveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		1 324 099	1 048 916
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		995 598	808 318
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapitler</i>		-341 800	-251 967
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet		16 311 031	13 527 141
Oversikt over mellomværende med statskassen **			
Eiendeler og gjeld		2019	2018
Fordringer		0	0
Kontanter		0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank		0	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk		-497 585	-338 946
Skyldige offentlige avgifter		0	0
Annen gjeld		0	0
Sum mellomværende med statskassen	8	-497 585	-338 946
* Andre ev. inntekter/utgifter rapportert på felleskapitler spesifiseres på egne linjer ved behov.			
** Spesifiser og legg til linjer ved behov.			
Kontrollsum:			
16 311 031			
16 311 031			
0			

Virksomhet KX - Foreldreutvalgene for grunnskolene og barnehager**Note 1 Innbetalinger fra drift**

	31.12.2019	31.12.2018
<i>Innbetalinger fra gebyrer</i>		
Sum innbetalinger fra gebyrer	0	0
<i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>		
Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer	0	0
<i>Salgs- og leieinnbetalinger</i>		
Sum salgs- og leieinnbetalinger	0	0
<i>Andre innbetalinger</i>		
Sum andre innbetalinger	0	0
Sum innbetalinger fra drift	0	0

Virksomhet: KX - Foreldreutvalgene for grunnsopplæringen og barnehager**Note 2 Utbetalinger til lønn**

	31.12.2019	31.12.2018
Lønn	7 758 348	5 580 524
Arbeidsgiveravgift (14,1%)	1 324 099	1 048 916
Pensjonsutgifter*	888 075	607 888
Sykepenger og andre refusjoner (-)	-1 958 435	-619 683
Andre ytelser	1 363 277	1 286 422
Sum utbetalinger til lønn	9 375 364	7 904 067
Antall utførte årsverk:	10,8	9,6 **

*** Nærmere om pensjonskostnader**

Pensjoner kostnadsføres i resultatregnskapet basert på faktisk påløpt premie for regnskapsåret. Premiesats for **2019** er 12 prosent. Premiesatsen for 2018 var 12 prosent.

Kommentar til utgiftspost lønn: **2018:** Pga flytting av sekretariat fra Oslo til Bø valgte 4 av 10 ansatte å si opp sine stillinger fom august 2018. Felere av stillingene sto vakante helt eller delvis høsten 2018.

2019: Fom februar var samtlige stillinger besatt. I tillegg ble ansatt utleid til KD avlønnnet av sekretariatet mot refusjon, derfor 10,8 årsverk. Fom januar 2020 er denne avtalen opphørt.

Virksomhet: KX - Foreldreutvalgene for grunnskolplæringen og barnehager**Note 3 Andre utbetalinger til drift**

	31.12.2019	31.12.2018
Husleie	705 085	803 901
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	0	43 382
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	614 423	103 132
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	0	0
Mindre utstysanskaffelser	200 968	379 595
Leie av maskiner, inventar og lignende	356 435	282 110
Kjøp av fremmede tjenester*		0
Kjøp av konsulent tjenester*	542 080	
Kjøp av andre fremmede tjenester*	958 413	
Reiser og diett	1 523 723	966 801
Øvrige driftsutgifter	2 074 652	1 576 519
Sum andre utbetalinger til drift	6 975 779	4 155 440

*Fra og med 2019 presenteres konsulent tjenester og andre fremmede tjenester separat. I sammenligningstallene for 2018 er kjøp av fremmede tjenester presentert samlet på notelinjen kjøp av fremmede tjenester.

Kommentarer til sammenstilling 2018/2019:

Reiser og diett: Økt aktivitet i form av flere utvalgsmøter i 2019. Økte utgifter til reise som følge av flytting av sekretariat i fra Oslo til Bø.

Øvrige driftsutgifter: Oppstartskostnader etablering av nytt kontor. Endret struktur som følge av flytting vedrørende div driftskostnader som nå belastes fullt ut (stordriftsfordeler i Oslo).

542079,63

958412,7

Virksomhet: KX - Foreldreutvalgene for grunnskolplæringen og barnehager**Note 4 Finansinntekter og finansutgifter**

	31.12.2019	31.12.2018
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Annen finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0

	31.12.2019	31.12.2018
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	0	0
Valutatap	0	0
Annen finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	0	0

Virksomhet: KX - Foreldreutvalgene for grunnsopplæringen og barnehager

Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer

	31.12.2019	31.12.2018
<i>Utbetaling til investeringer</i>		
Immaterielle eiendeler og lignende	0	0
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Maskiner og transportmidler	0	0
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	301 689	0
Sum utbetaling til investeringer	301 689	0

	31.12.2019	31.12.2018
<i>Utbetaling til kjøp av aksjer</i>		
Kapitalinnskudd	0	0
Obligasjoner	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjer	0	0

Virksomhet: KX - Foreldreutvalgene for grunnsopplæringen og t

Rapport kjørt:
18.02.2020
14:28:00

[Innholdsfortegnelse](#)

Note 6 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten

	31.12.2019	31.12.2018
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten	0	0

Virksomhet: KX - Foreldreutvalgene for grunnskolen og barnehager

KONTI: Note 7 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten

	31.12.2019	31.12.2018
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	0	0

Virksomhet: KX - Foreldreutvalgene for grunnskolen og barnehager

Rapport kjørt: 18.02.2020

Note 8 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen.

Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2019	31.12.2019	
	Spesifisering av bokført avregning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler*	0	0	0
Obligasjoner	0	0	0
Sum	0	0	0
Omløpsmidler			
Kundefordringer	0	0	0
Andre fordringer	0	0	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
Sum	0	0	0
Langsiktig gjeld			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-359 328	0	-359 328
Skyldig skattetrekk	-497 585	-497 585	0
Skyldige offentlige avgifter	0	0	0
Annen kortsiktig gjeld	0	0	0
Sum	-856 913	-497 585	-359 328
Sum	-856 913	-497 585	-359 328

* Virksomheter som eier finansielle anleggsmidler i form av investeringer i aksjer og selskapsandeler fyller også ut note 8 B

Del B Spesifisering av investeringer i aksjer og selskapsandeler

	Ervervsdato	Antall aksjer	Eierandel	Stemmeandel	Årets resultat i selskapet	Balansført egenkapital i	Balansført verdi i
						selskapet	regnskap*
<i>Aksjer</i>							
Selskap 1							
Selskap 2							
Selskap 3							
Balansført verdi 31.12.2019							0

* Investeringer i aksjer er bokført til anskaffelseskost. Balansført verdi er den samme i både virksomhetens kontospesifikasjon og kapitalregnskapet.

Innrapportering av anvendt regnskapsprinsipp ved utarbeidelse av virksomhetsregnskapet i departementer og un

Departement: Kunnskapsdepartementet		
Virksomhetens navn	Type virksomhet	Hvilket regnskapsprinsipp benyttes ved utarbeidelse av virksomhetsregnskapet?
	<i>Tast inn tallet for ett av følgende alternativer:</i> 1 - Departement 2 - Ordinært forvaltningsorgan 3 - Forvaltningsorgan med særskilte fullmakter (nettobudsjettert virksomhet) 4 - Forvaltningsbedrift	<i>Tast inn tallet for ett av følgende alternativer:</i> 1 - Kontantprinsippet slik det fremgår av økonomiregelverket 2 - Periodiseringsprinsippet i henhold til de statlige regnskapsstandardene (SRS)
Kunnskapsdepartementet		
Arkitektur og designhøgskolen i Oslo AHO		
De nasjonale forskningsetiske komiteene		
De samiske videregående skoler, Karasjok og Kautokeino		
Direktoratet for internasjonallisering og kvalitetsutvikling i høyereutdanning - DIKU		
Foreldreutvalget for grunnopplæringen (FUG)	2 Ordinært forvaltningsorgan	1 Kontantprinsippet slik det fremgår av Økonomiregelverket
Høgskulen i Volda		
Høgskolen i Innlandet		
Høgskolen i Molde		
Høgskulen på Vestlandet		
Høgskolen i Østfold		